

Tabell D-fk

Indeks for berekna utgiftsbehov. Fylkeskommunane

Indeks for berekna utgiftsbehov (kolonne 16) blir berekna ved hjelp av kostnadsnøkkelen med tilhøyrande kriteriedata. Første steg er å berekne den einkilde fylkeskommune sin del av landssummen for kvart kriterium. Så blir den einkilde fylkeskommune sin del av innbyggjartalet i landet berekna (det vil seie innbyggjartalet i fylkeskommunen dividert med innbyggjartalet i landet).

Deretter blir indeks for kvart kriterium berekna etter følgjande formel:

$$\text{Indeks}_k = \frac{\text{Fylkeskommunen sin del av kriterium}}{\text{Fylkeskommunen sin del av innbyggjarane}}$$

Ein fylkeskommune som har ein indeks lik 1,0 for kriteriet innbyggjarar 1–18 år har like stor del av 1–18-åringar i landet som av totalt innbyggjartal i landet. Ein fylkeskommune med indeks lik 1,1 for same kriteriet har 10 prosent større del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Ein fylkeskommune med indeks lik 0,9 for same kriteriet har 10 prosent lågare del 1–18-åringar enn delen innbyggjarar. Indeks for berekna utgiftsbehov blir berekna som eit vekta gjennomsnitt av indeksane for dei enkelte kriteria etter følgjande formel:

$$\text{Indeks berekna utgiftsbehov}_i = \sum_{k=1}^{14} V_k * I_{ki}$$

V_k er kriterievekt for kriterium k , I_{ki} er indeks for kriterium k for fylkeskommune i .

Vekta for kvart enkelt kriterium er vist i kostnadsnøkkelen i tabellen under.

Kostnadsnøkkel for fylkeskommunane 2016:

Kriterium	Vekt
Innbyggjarar 1–18 år	0,0354
Innbyggjarar 16–18 år	0,4467
Innbyggjarar 19–20 år	0,0033
Innbyggjarar 67 år og over	0,0053
Innbyggjarar 6–34 år, skalert (ut over 0,32)	0,0642
Innbyggjarar i alt	0,0186
Psykisk utviklingshemma 18 år og over	0,0013
Søkjarar i høgkostnads utdanningsprogram	0,1020
Reiseavstand	0,0126
Innbyggjarar per km offentleg veg, skalert (ut over 17)	0,0493
Innbyggjarar busett spreidd, skalert (ut over 0,002)	0,0545
Fylkesfaktor båtar	0,0237
Ferjesamband	0,0369
Fylkesvegfaktor drift og vedlikehald (MOTIV)	0,1276
Veglengde fylkesveg	0,0186
Sum	1,0000

Som det går fram av tabellen har innbyggjarar 1–18 år vekta 0,0354 eller 3,54 prosent i samla kostnadsnøkkel. Det betyr at 3,54 prosent av fylkeskommunanes berekna utgiftsbehov på dei områda som blir dekte av utgiftsutjamninga, er knytt til talet på innbyggjarar 1–18 år.

Indeks for kvart kriterium er vist i kolonnane 2–16. Kriteria er definerte og kriterieverdiane viste i tabell E-fk.

Kolonne 1 – Indeks for innbyggjarar 1–18 år

Kolonne 2 – Indeks for innbyggjarar 16–18 år

Kolonne 3 – Indeks for innbyggjarar 19–20 år

Kolonne 4 – Indeks for innbyggjarar 67 år og over

Kolonne 5 – Indeks for innbyggjarar 6–34 år, skalert

Kolonne 6 – Indeks for innbyggjarar i alt

Kolonne 7 – Indeks for psykisk utviklingshemma 18 år og over

Kolonne 8 – Indeks for søkjarar i høgkostnads utdanningsprogram

Kolonne 9 – Indeks for reiseavstand

Kolonne 10 – Indeks for innbyggjarar per km offentleg veg, skalert

Kolonne 11 – Indeks for innbyggjarar busette spreidd, skalert

Kolonne 12 – Indeks for netto driftsutgifter båtruter (fylkesfaktor båtar)

Kolonne 13 – Indeks for ferjesamband

Kolonne 14 – Indeks for fylkesvegfaktor drift og vedlikehald

Kolonne 15 – Indeks for veglengde fylkesveg

Kolonne 16 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Vekta gjennomsnitt av kolonnane 1–15. Kolonnen blir brukt i tabell A-fk, kolonne 1.

Kolonne 17 – Befolkningsdel per 01.07.15 (promille)

Kolonne 18 – Del av berekna utgiftsbehov (promille)

Fylkeskommunen sin del av totalt berekna utgiftsbehov. Kolonnen blir rekna ut ved å multiplisere fylkeskommunen sin indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 16) med fylkeskommunen sin del av innbyggjarane (kol. 17).